

[Aktuelt](#) | [Ideer](#) | [Kultur](#) | [Bøker](#) | [Påfyll](#)

☰ Meny

**MORGENBLADET**[Kjøp abonnement](#) [Logg inn](#)

Annonse

ANMELDELSER

# Ein forførande vegvisar til bokas historie

*Irene Vallejo knyter band mellom Hesiod og Annie Ernaux, mellom Heraklit og Marcel Proust. Slikt blir det engasjerande historieskriving av.*



Aktuelt | Ideer | Kultur | Bøker | Påfyll



Bokas magi: I historia om boka vender Irene Vallejo stadig tilbake til det mytiske biblioteket i Alexandria. (Ukjent fotograf / Album / NTB)

[Aktuelt](#) | [Ideer](#) | [Kultur](#) | [Bøker](#) | [Påfyll](#)**RELATERTE ARTIKLER**

Ein revolusjon drukna i blomar

Michel Houellebecq har funne kjærleiken



Nostalgien som høyrer ei tilbakelagt ungdomstid til

[Anmeldelse](#)   [Litteratur](#)   [Historie](#)

---

**Av Margunn Vikingstad, Anmelder**

---

«Fortiden leder ikke bakover, men er det som driver oss fremover, og i motsetning til hva man skulle tro, er det fremtiden som fører oss til fortiden.» Sitatet er frå Hannah Arendt og samanfattar mykje av essensen i spanske Irene Vallejos svært kunnskapsrike bok om *boka*. Med klassisk filologi i bagasjen flyttar Vallejo seg forteljande, lett og ledig frå sentrale hendingar i bokas historie i antikken til vår tid og tilbake.

Ved å gi røyst ikkje berre til historias makttoppar, men like mykje til avskrivarar, illustratørar, omsetjarar, skriftlærde, spionar, opprørarar, nonner, slavar og bokhandlarar viser Vallejo korleis boka har vist seg å tole alskens motgang, frå krigar og brannar til tidas tann.

## Historisk og samtidig

Vallejo er ein forførande vegvisar. Ho opnar med, og vender stadig tilbake til, det mytiske biblioteket i Alexandria, men går òg rakt på lesaren som sit og les boka hennar: «Akkurat nå, når du har denne boka åpen mellom hendene, hengir du deg til en mytisk, urovekkende aktivitet, selv om du er så vant til det at du ikke lar deg forundre over det du gjør.» Kva tid som helst kan eg ta blikket bort frå teksten og vende tilbake til den ytre verdas handlingar og rørsler. Men eg blir altså verande, ikkje berre fordi Vallejo fortel om det egyptiske steinfragmentet Rosetta-steinen som eg sjølv, saman med eit lass med andre turistar, har stått i kø for å sjå på British Museum i London, men særleg fordi ho så tydeleg engasjert fortel om bokas magi i lys av egyptiske steinstøtter så vel som vår eiga tid.

Den innlevande stilen kan somme stader bli i overkant høgstemt og svulstig, som når ho skal formilde den potensielle magien ved høgtlesing: «Hvis noen leser for deg, ønsker å glede deg, er det en kjærlighetshandling og en våpenstillstand midt i livets stridigheter.» Stilen er da òg bilderik, som når ho skriv: «I skriftens stotrende barndom forlot stemmene som fortalte historier, anonymitetens tåke.» Men det kler i stor grad den engasjerande sakprosaen hennar.

SE

### v. Historien om boken

Stokseth

rdal 2022

Vallejo gir òg lesaren ei vektig påminning om at poesien kom før prosaen, musikken før den stille lesinga. Og at dei munnlege forteljingane kom før alt saman. Slik skaper det òg historisk sus over Nobelprisen i litteratur når den blir tildelt Bob Dylan: «En Nobelpris til muntligheten. Så gammel fremtiden kan bli.»

### Ugreie scener hos Homer

Vallejo stiller elles kritiske spørsmål til samtidas forsøk på å gjere opp for eller gjere bot overfor ord og perspektiv i litteraturen som i dag står fram som problematiske eller hårreisande, alt frå Platons mørke og rigide utopiar i *Republikken* til Mark Twains «nigger» i *Huckleberry Finn*. Og ho

konkluderer med at vi ikkje reddar dei unge frå dårlege tankar ved å fjerne alle bøkene vi meiner er upassande. Tvert imot: Vi gjer dei ute av stand til å gjenkjenne dårlege tankar.

Aktuelt | Ideer | Kultur | Bøker | Påfyll

---

utspeler seg i ei verd dominert av det greske patriarkalske aristokratiet og derfor inneheld ugreie scener, meiningar og perspektiv.

Der boka verkeleg er på sitt sterkaste, er i det kunnskapstilfanget som Vallejo demonstrerer i sine høgst interessante og meiningsskapande hopp og koplingar, som når ho trekker inn Hesiod som kanskje den første til å gi kimen til autofiksjonen og koplar Hesiod til vår tid slik: «Man kunne kanskje si at han er det første individet i Europa og en fjern litterær bestefar av Annie Ernaux og Emmanuel Carrère.» Heraklit på si side blir definert som opphavet til Proust, Faulkner og Joyce. Vallejo ser elles for seg at Sapfo truleg ville ha sunge det same som Georges Brassens om det dårlege ryktet sitt: «På feiringen av nasjonaldagen / blir jeg liggende i sengen som vanlig / for militærmusikken / visste aldri hvordan den skulle få meg til å stå opp.»

### Bokas driv

*Evigheten i et siv. Historien om boken* er litterær sakprosa som det både må ha vore ei utfordring og ei glede å jobbe med for omsetjar Lene Stokseth. Den gleda er lett å spore når eg les. Irene Vallejo gir oss ei nødvendig påminning om kor eksotisk bokas historie er og kor slitesterk boka har vist seg å vere – men òg kor essensiell den er for å utvide så vel minnet som fantasien. Og kanskje det viktigaste av alt: at fortida (og bokas historie) ikkje held oss tilbake, men er nettopp det som driv oss framover.



Margunn Vikingstad  
Litteraturkritikar

---

[redaksjon@morgenbladet.no](mailto:redaksjon@morgenbladet.no)

## Mer fra Anmeldelser



+ ANMELDELSER

# Alternativøkonomi.

<https://www.morgenbladet.no/boker/anmeldelser/2022/02/04/ein-forforande-vegvisar-til-bokas-historie/>

# En anstendig forsvarstale for dyrene



+ ANMELDELSER

## En anstendig forsvarstale for dyrene



+ ANMELDELSER

## Ein forførende vegvisar til bokas historie

## En uflidd Jane Austen med sursøt ånde

## Portrett av en innbitt peppermø som ikke så lett vil la seg glemme

[Aktuelt](#) | [Ideer](#) | [Kultur](#) | [Bøker](#) | [Påfyll](#)

---

**Treffer leseren rett i rettferdighetssansen**

---

**Er jeg virkelig i Herrens hender?**

---

// Line to enable Manual Only mode.